



TRYLLAR: – Det handlar om det augneblikk mellom deg som kunstnar og dei som ser på, seier Hedne. No har han nettopp presentert forskinga på problemløysing i Arizona.

Forskar på hjernens reaksjon etter tryllekunst

Mikael Hedne er ein av få som forskar på korleis menneske løyser triksa bak tryllekunst. På fritida turnerer han med eigne trylleshows.

ELISE LØVEREIDE
elise.lovereide@bt.no

Mikael Hedne har trylla sidan han var åtte år, då han såg David Copperfield fly på TV. Hedne blei så bergtatt av tryllekunsten at han ville jobbe med det på fulltid

etter vidaregåande. Så søkte han seg inn på psykologi.

– Både psykologi og tryllekunst handlar om å møte menneske, og menneske har alltid interessert meg, seier Hedne.

Han fann ut at han ville inn på psykologi for å finne ut av kva som skjer i hovudet når ein ser tryllekunst.

– Menneske har ei forventning om at A fører til B. Vi kjenner til tyngdekrafta, og veit at gjenstandar ikkje kan fly. Tryllekunstnaren bryt med desse forventningane, seier Hedne.

For sjølv om vi veit at det ikkje finst magi, så klarer vi ikkje heilt å forklare korleis tryllekunstnaren kan gjere ein appelsin om til eit eple, eller få ein fyrstikk til å fly.

– Tryllekunstnaren skal få ting til å sjå ut som noko det ikkje er, slik at sjåarane opplever det som magi, eller som noko uforklarleg. Det handlar om den augneblinken mellom deg som kunstnar og dei som ser på. Ein tryllekunstnar si oppgave er å få det til likt kvar gong, og på den måten kontrollere omgjevnadane, seier Hedne.

Undersøker magekjensla

Hedne tar no mastergrad i psykologi ved Universitetet i Bergen, og har saman med rettleiar og

FAKTA

Tryllekunstnarar i Norge

- Magiske Cirkel Norge har 320 medlemmar, både amatørar og profesjonelle tryllekunstnarar.
- For å bli medlem må ein dokumentere at ein har kunnskap om, og interesse for, trylling.
- Hovudkvarteret ligg i Oslo, og organisasjonen vart stifta i 1928.
- Magiske Cirkel Norge samarbeider med andre nordiske trylleforeiningar gjennom Nordisk Magi Union.
- Sjef i Magiske Cirkel Norge er Haakon Esplo.

Kilde: Magiske Cirkel Norge

Folk interesserer seg for trylling som fenomen i seg sjølv, og det gir eit godt utgangspunkt for å forske på problemløysing.

Førsteamanuensis Elisabeth Norman

førsteamanuensis Elisabeth Norman forska på problemløysing etter å ha sett trylletriks.

– Det som i psykologien heiter metakognitive kjensler, eller på godt norsk intuisjon, handlar om bevisst å knyte kjensla til noko du ikkje heilt veit kva er. Til dømes at du kjenner deg usikker, men ikkje veit kvifor. Eller å ha noko på tunga, men ikkje kome på kva det er, fortel Hedne.

I forskinga til Hedne og Norman har dei vist studentar (som korkje kan noko om psykologi eller trylling) ulike videoar av trylletriks. I undersøkinga spør dei respondentane etterpå kva dei trur trikset er, og kor sikre dei er på dette svaret. Etterpå kjem alternative løysingar, som dei så vel ut, for deretter eit siste spørsmål om kor sikre dei er på svaret.

– Det vi fann var at dei som løyser problemet stegvis, som med algebra, var meir sikre på om dei hadde svara rett eller feil. Medan dei som løyste trikset ved ei a-ha-oppleving, svara meir tvilande på kor sikre dei var på svaret, seier Hedne.

Første i Norge

Hedne og Norman er dei første i Norge til å bruke trylling til å forske på intuisjon og aha-opplevingar.

– Folk interesserer seg for trylling som fenomen i seg sjølv, og det gir eit godt utgangspunkt for å forske på problemløysing, seier førsteamanuensis Elisabeth Norman.

Sjølv om det finst nokre forskarar som nyttar trylling, er dei svært få på verdsbasis.

– Når ein har aha-opplevingar, vil ikkje magekjensla vere ei god rettesnor fordi vi kjenner oss sikre uansett om løysinga er rett eller ikkje. Nokre oppgaver, som gåter, vil typisk føre til aha-opplevingar. Jamt over fann vi at det å resonnerer seg fram til løysinga gir færre rette svar.

Godt å få aha-opplevingar

– Kor vanleg er det å få ei aha-oppleving?

– Det er vanskeleg å måle, og baserer seg på individuelle forskjellar. I tillegg vil det avhenge av situasjonen. Men det blir forska ein del på dette, også i Norge, seier Norman.

Norman fortel at aha-opplevingar generelt er tilfredsstillande å få.

– Det er ei god kjensle, og føreset gjerne at ein ser problemet frå ein annan vinkel, seier Norman.

Forskningsartikkel i juni

Eksperimentet gjorde dei denne våren, og i april var dei i Arizona for å presentere prosjektet for andre forskarar. Prosjektet er i samarbeid med Janet Metcalfe ved Columbia University, som er ei av dei fremste forskarane i verda på metakognisjon (problemløysing).

Artikkelen deira frå forskingsprosjektet er no også blitt levert til review for å bli vurdert av andre forskarar.

Til hausten skal han skrive masteroppgåve om intuisjon. Han skal halde fram med studentstipendet ved det psykologiske fakultet, som gjev han høve til å forske vidare på trylling og problemløysing.

– Trylling er ein fantastisk jobb og hobby, er konklusjonen.

-50%
på motor og fjernkontroll
ved kjøp av solskjerming innen 30. juni

kjells markiser Behageligere bokvalitet inne og ute!
MARKISER PERSIENNER SCREEN INTERIØR

GRATIS befarings/tilbud: 815 00 570 - kjellsmarkiser.no

Vondt i rygg eller nakke?

Våre erfarne spesialister har kort ventetid.
Bestill time på **volvat.no** eller tlf: **55 11 20 00**.
Velkommen!

Medisinsk ansvarlig Volvatgruppen: sjeflege Christian Loennecken

Volvat Medisinske Senter
Avd. Laguneparken
Avd. Ulriksdal

Volvat
INNGÅR I CAPIO EUROPA